



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Kraftfondsstyret

Møtedato: 31.08.2020
Møtestad: Stordalen fjellstove
Møtetid: 17:00 - 18:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

008/2020 Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Gunnar Trædal

27. august 2020

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	20/772

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2020	Kraftfondsstyret	PS	31.08.2020
	Kommunestyret	PS	

Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Gunnar Trædal

Vedlegg:

Journalposttittel
Søknad om tilskot

Dato
26.08.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Gunnar Trædal får tildelt inntil kr. 130.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsforemål
2. Gunnar Trædal får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkt investeringsforemål.
3. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
4. Lån med pant i utstyr
5. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 10.09.2021

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 130.000 i tilskot, samt lån på kr. 200.000 gjennom kraftfondet til prosjekt med ein totalkostnad på kr. 530.000,-.

Høyring/Uttale

Med heimel i retningslinene for kraftfondet § 6c) vert søkjar invitert til å presenterte søknaden ytterlegare i samband med møte i kraftfondstyre 31.8.20.

§ 6 Forvaltning c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret (eller Kommunestyret) for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.

Fakta

Viser til søknad, som følgjer som saksvedlegg

Relevante forhold saksa frå vedtekter for kraftfondet;

§ 2 Foremål Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsforemål. Fondet kan og nyttast til

kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Relevante forhold saksa frå retningsliner for kraftfondet;

Til § 2 Føremål Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

• **Investering i bedrifter** til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Til § 6 Forvaltning a. Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 og lån over kr. 100.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre. (Basert på kva det vert søkt om)

Vurdering

Kraftfondet sine midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar, og prosjektet er innafor ordninga. Tiltaket kan definerast som samfunnsmessig fellestiltak som kjem kommunen til gode, utan at ein reknar med at prosjektet vil gje den store innteninga. Det er ikkje komne andre søknader til 1.tildelingsrunde kraftfondet i 2020. Tilrår at søknad vert innvilga.

Konklusjon

- Gunnar Trædal får tildelt inntil kr. 130.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål
- Gunnar Trædal får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkt investeringsføremål.
- Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
- Lån med pant i utstyr
- Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 10.09.2021

Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)



Referansenummer: 68G5RK

Registrert dato: 24.08.2020 10:32:57

Verksemda				
Type verksemd Entreprenør /bonde				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga Kjøp av løypemaskin til preparering av skiløyper i Stordalen. Eg har dei siste 2 åra kjørt skiløyper med ATV og sporslede. Dette utstyret viser seg å vera å lite eigna, i skrått terreng er det ubrukeleg og dermed vert det veldig begrensa tilbud til publikum. Eg har fått mange henvendinger frå medlemmer i Sordalen Vel, Stordalen Fjellstove og andre hytteeigarar om å anskaffe bedre utstyr.				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Gunnar Trædal	Kringleveien 308	5983	Haugsvær	100

Innleiing	
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	
Opplysningar om føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer 969478838	
Føretak/lag/foreining Entreprenør / bonde	
Adresse Kringleveien 308	
Postnummer 5983	
Poststad HAUGSVÆR	
Telefon 41518241	
Telefaks	
Opplysningar om kontaktperson	
Førenamn Gunnar	
Etternamn Trædal	
Adresse Kringleveien 308	
Postnummer	Poststad

5983	HAUGSVÆR
Mobiltelefon	41518241
Telefon arbeid	41518241
Telefon privar	41518241
E-post	gunnartredal@gmail.com
Bankkontonummer	36350702894
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei

Finansiering	
Namn på og finansiering av prosjektet	
Søknadsprosjekt	Kjøp av løypemaskin
Totale kostnader for prosjektet	520000,00
Finansieringsplan	
Eigenkapital	190000,00
Eige arbeid	0
Lån i bank	0
Tilskott frå næringsfond	130000,00
Har prosjektet fått tilskott frå andre?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder	Lån i næringfondet 200000,00
Sum finansieringsplan	5200000,00

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden
Det som gjer at eg tenkjer å investera i dette er dei mange henvendelsane eg har fått frå aktørane som er nevnt innledningsvis.
Eg trur at dette med å kunnä tilby oppkjørte skiløyper vil ha mange positive ringverknader for området og Masfjorden, det er no eit faktum at dei aller fleste vil ha mest mogleg tilrettelagt,(enten me likar det eller ikkje) .
Eg reknar ikke med at det vert noko kjempegevinst av dette, men eg ynskjer å vera med å gjera området attraktivt

for lokale og tilreisande.

Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Marknadsføringstiltak

Viktigaste konkurrentar

På dette området er det ikkje konkurrentar